



Dok. ref.
23/339-1//ANNDYR

Dato:
26.04.2023

Notat om: Lektor2-oppdrag til 9. klasse våren 2023

I 2019 kom FN sitt naturpanel (IPBES) ut med sin første globale rapport. Denne rapporten slo fast at øydelegging av natur, og tap av dyr- og planteartar går raskare enn nokon gong. Dei slo fast at dei fem største truslane mot naturmangfaldet er påført av oss menneske, og [dette kan ein avtale vere med å reparere og reversere](#).

Dei fem største truslane er:

- Bruk av areal og arealendring
- Overhausting
- Klimaendringar
- Ureining
- Framande artar

I 2019 vedtok kommunen sin 10-årsplan, [samfunnsdelen i kommuneplanen](#), som seier at:

- Solund skal ha berekraft, god folkehelse og universell utforming som overordna prinsipp i planlegging og tankegang.
- Berekraft i høve klima og miljø skal vere førande prinsipp for utvikling og vekst i Solund.
- Ta omsyn til berekraftige og klimavenlege løysingar i offentlege innkjøp.

Solund kommune etablerte ei kunstgrasbane ved Solund Idrettspark med opning i 2017. Kunstgrasbana vart etablert i tråd med krav og føringar som var på den tida, og bana er difor etablert med gummigranulat-fyll. Etter etablering vart ureiningslova revidert, og det er kome nye krav til kunstgrasbaner. Det kan lese meir på [Miljødirektoratet](#) og i [ureiningsforskrifta](#).

De finn [meir om vedlikehaldet av bana i innsyn](#).

Kommunen ynskjer at det vert gjort vurderingar av:

1. Oppfyller kunstgrasbana ved Solund Idrettspark krava i ureiningsforskrifta?
 - a. Korleis vurderer de rapporten om bana i Solund opp mot krava i ureiningsforskrifta?
 - b. Dersom bana ikkje er i tråd med krava, kva tiltak er viktigast å få på plass i prioritert rekkjefølgje? Har de noko formøining om kva som er dyrast og billegast av tiltaka?

2. Oppfyller kunstgrasbana ved Solund Idrettspark Solund kommune sine egne mål i samfunnsdelen?
3. Uavhengig av om bana oppfyller krava i ureiningslova; kor stort er problemet med forsvunne gummigranulat i Solund?
4. Generelt sett; kva skjer med gummigranulat som kjem på avvege, og kor stor skade gjer det?

Lenker som kan vere aktuelle i arbeidet:

- <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/avfall/for-naringsliv/utforme-og-drifte-kunstgressbaner/>
- <https://kommunikasjon.ntb.no/pressemelding/gummigranulat-pa-kunstgressbaner-mange-mangler-tiltak-for-a-hindre-spredning?publisherId=17847187&releasId=17946198>
- <https://www.fotball.no/globalassets/krets/trondelag/klubb-leder-og-trener/anlegg/nff-trondelag-190521-del-1.pdf>
- <https://www.fotball.no/kretser/sunmore/klubb-leder-og-trener/baner-og-anlegg/banestorrelser/#Toppen>
- https://www.regjeringen.no/contentassets/99ad796eef4a688d9fb93f2c22ed83/v-0975b-veileder_kunstgress_2015.pdf
- <https://www.godeidrettsanlegg.no/publikasjon/miljoennlige-erstatningsprodukter-gummigranulat-som-innflyllsmasse-til-kunstgressbaner>
- <https://www.nibio.no/om-nibio/forskning-nytter/divisjon-for-miljo-og-naturressurser/forskning-nytter-miljo-og-naturressurser-2018/gummigranulat-fra-fotballbaner-pa-avveie>

Det er ønskeleg å få ein skriftleg rapport som grunnlag for munnleg framlegging der funna og konklusjonane vert presentert på ein slik måte at det kan nyttast kommunal sakshandsaming.

Spørsmål kna rettast til Sektor for samfunns- og næringsutvikling ved Anne Kristine Dyrdal
Anne.Kristine.Dyrdal@solund.kommune.no

Anne Kristine Dyrdal
Sakshandsamar